



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN  
Att. Endre Korsøen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

## Svar på søknad frå Lerøy Vest AS om arealendring på lokaliteten 132009 Bognøy i Alver kommune

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS datert 13.04.2021 som vart oversendt frå Vestland fylkeskommune den 15.04.2021 med ettersending av uttale frå Alver kommune den 13.09.2021.

Lerøy Vest AS søker om arealending på lokaliteten Bognøy, frå dagens stålanlegg med fire bur på 25 x 36 meter med fôringsanlegg plassert på land, til eit plastringanlegg med tre ringar med kvar 160 meter omkrins plassert i rammefortøyingar på 80 x 80 meter. Fôringsanlegget skal flyttast frå land til flåte plassert aust for ringanlegget. Anlegget blir liggjande innanfor areal som er sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Alver kommune. Søknaden inneber inga auke i MTB på lokaliteten.

Alver kommune skriv i sin uttale: «Søknaden har vore kunngjort og det er motteke innspel frå Fiskarlaget Vest. Søkjar er gjeve høve til å gje uttale til denne. Innspel og uttale tek opp kjente utfordringar og interessemotsetningar knytt til bruk og utnytting av sjøareala. Slik søknaden ligg føre har Alver kommune ikkje særskilte merknadar.»

Statsforvaltaren endra utsleppsløyvet på lokaliteten Bognøy den 07.10.2019. Den omsøkte arealendringa treng ikkje oppdatering av utsleppsløyvet.

### Støy

I utsleppsløyvet er det sett standardgrenser for utslepp av støy. Flytting av fôringsanlegget frå land til fôrflåte inneber at ein del av støyproduksjonen blir flytta nærare bustader/fritidsbustader aust for anlegget. Avstand til nærmaste bygning er knappe 250 meter. Det inneber at Lerøy Vest AS må leggje vekt på å nytte støyreducerande verkemiddel og planlegge drifta slik at det blir minst mogleg støyproduksjon utanom dagtid på kvardagar.

### Utslepp

Utan endring i MTB blir det ikkje auke i utsleppa frå anlegget. Det er sett vilkår om å ikkje nytta koparimpregnerte nøter på lokalitetane i Radfjorden. Ei auke i arealbruk vil difor ikkje føre til auka spreiding av kopar på lokaliteten. Auke i arealbruk fører til at organisk materiale blir spreidd over eit



større areal, noko som gir betre tilhøve for den sedimentgravande botnfaunaen som er viktig for nedbrytinga av overskotsfôr og fiskeavføring.

*Konklusjon*

Statsforvaltaren ser ikkje trong for å gjere endringar eller oppdaterer utsleppsløyvet gitt 07.10.2019. Vi vil nytte høvet til å peike på at flytting av fôringsanlegget kan føre til endringar av støyutsleppet, både ved endring av utstyr og andre plassering. Statsforvaltaren vil peike på at Lerøy Vest AS har eit sjølvstendig ansvar for å kunne dokumenterer at deira støyutslepp ligg innafor grensene som er sette i utsleppsløyvet.

Med helsing

Gunn Helen Henne  
Senioringeniør

Tom N Pedersen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

LERØY VEST AS	Skipavika 54	5397	BEKKJARVIK
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG